
Fra: Monika Cecylia Serafinska <Monika.Serafinska@hfk.no>
Sendt: 15. desember 2015 13:57
Til: Kristine Skaiaa Born
Emne: Kulturminnefagleg fråsegn - oversending av opprusting av landbruksveg for enkel uttale - Kulturminner

Viser til e-post datert 15.12.2015 angående opprusting av landbruksveg på gbnr. 39/8 og gbnr. 46/16 i Radøy kommune, og vår tidlegare fråsegn til søknad om bygging av landbruksveg datert 03.03.2015. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styringsmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Monika Serafinska

Arkeolog | Rådgjever

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 23 91 80

www.hordaland.no

Fra: Kristine Skaiaa Born [<mailto:Kristine.Born@radoy.kommune.no>]
Sendt: 15. desember 2015 13:12
Til: Monika Cecylia Serafinska
Emne: Oversending av opprusting av landbruksveg for enkel uttale - Kulturminner

Monika Serafinska

Hordaland fylkeskommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/361 - 15/14865

Saksbehandlar:

Kristine Skaiaa Born

kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:

15.12.2015

Oversending av opprusting av landbruksveg for enkel uttale - Kulturminner

Saka gjeld same veganlegg som i deres sak 2015/2273-2, som vi snakket om på telefon 15/12/2015.

Den delen av vegen som i original søknad er omsøkt som kl.7 veg oppgraderes til kl.3. og utvides med ein rundkjøring. Se vedlagt kart.

Vi ønsker i den forbindelse en enkel uttale om påvirkningen utvidelsen vil ha på kulturminneveridene i området.

Med helsing

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20151215125638

Kopi til:

Mottakarar:

Monika Serafinska

Hordaland

fylkeskommune